



Det aktuelle trafikk-området på Ljosnes der noko kanskje vil skje snart. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Saksbehandlar Ivar Kåre Døssland opplyser i eit brev til Erlend Moen på Ljosnes at kommunen ikkje har lagt saka om dei trafikale tilhøva på staden på is, slik Moen har hevda.

Kommunen har sendt brev til Statens vegvesen der dei påpeikar dei uheldige tilhøva og ber dei delta økonomisk slik at tiltaket kan bli gjennomført.

Kommunen vonar i nær framtid å få eit positivt svar frå Vegvesenet. Døssland held fram at då tiltaket ikkje berre betrar tryggleiken for skuleelevane men også dei trafikale tilhøva på riksvegen ser kommunen det naturleg av Statens vegvesen er med og deltar økonomisk.

Om det ikkje lukkast å få Vegvesenet med, må dei sjå korleis ein best kan nytta dei løyvde midlane, Men då vil det bli eit langt enklare tiltak enn det som er skissert og som kommunen ynskjer.

Døssland held fram:

For å få ei god løysing både for køyrande og mjuke trafikantar bør det anleggast ei fullverdig busslomme med oppstillingsplas for reisande på nedsida av vegen.

På oppsida av vegen bør det koma utkøyrsløp/busstopp med oppstillingsplass. Det bør også vera eit gangareal/fortau langs nedsida av riksvegen for skuleelevar/reisande som kjem frå sør.

To busskur hadde og vore ynskjeleg.

Men dei løyvde midlane, 150.000 kroner, er ikkje nok til at kommunen kan gjennomføra dette.

Døssland strekar ellers under at grunneigaren heile tida har vore svært positiv til å avstå grunn til tiltaket og kommunen har heller ikkje gjeve uttrykk for noko anna. Det skal gå greitt å få til avtale utan å nytta mellommann. Men Døssland peikar på at grunneigaren med tanke på framtidig drift av eigedommen ynskjer ein fin natursteinsmur som avslutning mot eigedommen og det vil fordyra prosjektet vesentleg.

Av Ola Matti Mathisen